



Salhus, 29.03.2019

### **Lemstove gnr 185, bnr 5 - Isdalstunet**

Isdalstunet er restane etter eit vestnorsk klyngetun, eller fellestun. Dette var den vanlegaste tunforma på Vestlandet fram til utskiftingslova midt på 1800-talet førde til reform og endring både i eigedomsstruktur og byggeskikk. Jorda er utskift i Isdal, men ikkje bygningane; dvs at organiseringa av det gamle fellestunet framleis er synleg.

Trass i at den gamle planløyisinga i tunet framleis er synleg er det skjedd mange større og mindre endringar på bygningane opp gjennom åra. Taktekking, vindauge, dører og kledning har blitt skifta og uttrykket i fasaden til mange av dei gamle lemstovene har endra seg mykje frå det opphavelege.

Våningshuset på gnr 185, bnr 5 er ei klassisk lemstove med ei tømmerkasse i nord og ei i sør med kjøken, midtgong og trapp opp til lemen i midten. I søre enden er det skykkje.

Eigaren ønskjer å skifte tak og kledning. På taket er det i dag betongstein, men denne er no dårleg og eigaren ønskjer å tekke med teglpanner slik det var før. I samband med dette vil taket og bli isolert. Vidare vil eigaren skifte kledning, men behalde dei eldre kledningsborda som er i ein slik stand at dei let seg montere oppatt.

Tilbygget på austsida, som er frå 70-talet, er i svært dårleg stand. Dette ønskjer eigar å rive og bygge opp att. Når det blir bygd opp att vil denne delen innhalde bad og våtromsfunksjonar. For å få til ei god planløyising her er det nødvendig å utvide dette tilbygget med til saman 2m<sup>2</sup>. Dette tiltaket vil ikkje minske kulturminneverdien til huset, men er med på å gjere det meir praktisk og brukarvennleg.

Isdalstunet er ikkje freda, men har høg kulturminneverdi då det er eit av dei få tuna i Nordhordland der ein har so mykje att av det gamle fellestunet. Det er difor viktig at dei gamle lemstovene blir sett i stand i tråd med antikvariske prinsipp for istandsetting og restaurering.

Arild Sætre  
Sivilarkitekt  
Kulturverntenesta i Nordhordland  
Museumssenteret i Hordaland